



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
12.06.2017
Dykkar dato
31.05.2017

Vår referanse
2017/6951 421.3
Dykkar referanse
17/1263

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 123 bnr 189 - Risa - naust kai veg og oppstillingsplass - uttale

Me viser til dykkar oversending med frist for uttale til 28.06.2017.

Det er søkt om løyve til riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust lenger fram mot sjø, etablering av kai i forkant av naustet, samt tilkomstveg og parkeringsplass. Tiltaka treng dispensasjon fra LNF-formålet i kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra, samt fra byggegrensa i planen og fra arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag.

Kai i forkant av naust er vist med 1,5m breidde og kai langs bergkant mot bnr 5 er 1x5m.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak planføresegnerne og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Kommunedelplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjoner, men blir handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (07-08) s. 242.

Byggegrense mot sjø i plan skal på same måte som byggefobodet i pbl § 1-8 hindra nedbygging av strandsona for å verne omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og rekreasjon, biologisk mangfold, landskapsinteresser m.m.

Naustet er plassert i eit LNF-spreidd-område der det er opna for naust. Det er i føresegner til kommunedelplanen opna for at naustet på denne eigedomen kan flyttast. Det er likevel ikkje gitt nærmare føresegner for kor naustet kan flyttast. Tiltaket er vidare i strid med byggegrensa mot sjø som følgjer den private vegen. Behovet for flytting vert grunngitt av søker med at det er langgrunt og at naustet vert overfløymt der det står i dag. Flytting inneber at heile bukta vert fylt igjen og det er såleis eit omfattande tiltak. Dette er eit område som er tilgjengeleg i dag og som kan ha kvalitetar for barn til leik i fjæra. Utfylling og utbygging av naust og kai vil endre landskapet og dei kvalitetane som området har i dag.

Vegen er planlagd med 3m breidde frå den private vegen og heilt fram til naustet. I tillegg er det søkt om parkeringsareal for to bilar. Desse tiltaka er omfattande og vil bygge ned strandsona og endra karakteren av området. Framfor at kvar eigedom skal ha køyretilkomst og parkering tilrår Fylkesmannen at det vert arbeidd for felles løysingar som kan nyttast av allmenta. Då det er mange nausteigedomar i kommunen utan køyrbar tilkomstveg er det også fare for at ein dispensasjon til slik bruk vil kunne skapa presendes for seinare saker i kommunen. Ein vil då på sikt kunne uthola kommunedelplanen som styringsverktøy for arealbruken i denne delen av kommunen.

Fylkesmannen rår etter dette frå at det vert gitt dispensasjon til tilkomstveg, parkeringsplass, kai og endra plassering av naust ut frå strandsoneomsyn.

Kommunen bør ikkje gi dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd siste setning. Dersom det likevel vert gitt dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.